

# Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,  
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 3 · Jol 2021  
92. årgang



*God jol!*



## Redaksjon

917 23 967 | post@seljordkyrkje.no  
Bankgiro: 2711.20.31826

## Opningstider

Tys/ons/tor 09–13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemannet på grunn av oppdrag ute.

## Kyrjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest  
907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Ungdomsprest  
909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Kyrkjuverje  
917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Natalia Furmankova, Kantor  
451 96 255 | natalia.furmankova@seljordkyrkje.no

Knut Ove Lofstad, Ungdomsdiakon  
996 16 526 | knut.ove@seljordkyrkje.no

## Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden  
907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge  
975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

## Seljord sokneråd

Bergit Lisleåsheim Telnes | 906 91 674  
bergit.telnes@seljord.kommune.no

## Heimeside

www.seljordkyrkje.no

## Ikkje Gud til filosofane – men Gud som er nær!

Den kjende naturvitskapsmannen og kristne filosofen Pascal skriv i dagboka si om ei hending som fekk stor betydning for han.

### I nådens år 1654.

*Måndag den 23. november, den heilage pave og martyr Clemens og andre martyrs fest ...*

*Frå omtrent halv elleve om kvelden til omtrent ein halv time etter midnatt. Gud til Abraham, Gud til Isak, Gud til Jakob.*

*Ikkje Gud til filosofane og dei lærde. Visse! Visse! Kjensle, glede, fred. Jesu-Kristi Gud.*

*Din Gud er min Gud (Rut 1,16)*

Kva var det Pascal oppdaga? Han oppdaga den store forskjellen det er på ein gud som berre er inne i hovudet til

menneske, og på Gud til Abraham, Isak og Jakob som kjem inn i verda vår. Jolenatt kjem Gud så nær at vi kan sjå Gud. Ta på han, høyre stemma, ja, sjå korleis Gud er. Vi såg ein sårbar Gud, overlata i menneska sine hender og omsorg. Jola er det sterkeste beviset på at vi ikkje trur på ein gud som berre er inne i hovuda til filosofane og dei lærde. «Ordet vart menneske, og vi såg hans herlegdom», skriv Johannes.

Det var også ei anna viktig oppdaging Pascal gjorde. Det stoppar ikkje med at Gud kjem nær, det handlar også om ein relasjon mellom Gud og oss. «Din Gud er min Gud.» Gud blei menneske for å nå heilt inn til oss. Gjennom dåpen og trua på Jesus blir dette røyndom.

«Alle som tok imot han, dei gav han rett til bli Guds born, dei som trur på namnet hans.» (Joh 1)

Då Pascal døydd, fann dei ein lapp sydd inn i frakken hans. Her hadde han sydd inn det som var aller viktigast i livet. På den lappen stod ikkje dei viktigaste form-lane han hadde oppdaga, men orda han hadde skrive ned etter hendinga.

*Gud til Abraham, Gud til Isak, Gud til Jakob. Ikkje Gud til filosofane og dei lærde. Visse! Visse! Kjensle, glede, fred. Jesu-Kristi Gud.*

*Signa jol!*

*Stein Reinertsen  
Biskop i Agder og Telemark*

## Dåp i Seljord kyrkje

Bileta på framsida av dette nummeret er henta frå dåpshøgtid i Seljord kyrkje. Dåpsbarnet er Malin Salomonsen Gjelstad, som blei døypt på visitasgudsteneste 2021. Biletet nedst til høgre syner dåpsbarnets syster, Talita, som mellom anna hadde ansvaret for tekstlesinga under dåpen.

*Bileta er tekne av Tom Rune Olsen*



**BYGGMAKKER**  
Seljord Elektriske  
Telefon 35 06 50 00



**Morgedal  
Rør as**

post@morgedalror.no – 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord





## Hjarteleg takk

for all hjelp, omsut og pleie som Astrid fekk i husvære sitt ved Heddelitunet i over 24 år. Likeeins takk til alle ved Nesbukti for framifrå pleie i hennes siste dagar. Takk for alle blomar og helsingar.

Harald, Bjørg og resten av familien.

## Kva slag jol finn du?

Har du funne-, og kjem du til å finne ei fredfylt jol? Livet går sin skeive gang i joli au, og det er ikkje alltid fred rundt oss. Dersom det ikkje er fred rundt oss er det ikkje lett å finne ei fredfylt jol, det er ikkje lett å finne ei jol. Har du funne ei stressande jol der det å ordne alt på tradisjonelt vis har vore det viktigaste? Det er kanskje noko dei fleste av oss har felles. Har du late Jussi Bjørling eller andre synge «O helga natt» for deg? Har det sige inn i deg at det kan finnast ei helga natt? Har du oppdaga at du er noko meir enn eit avansert dyr som berre skal leva, døy og bli borte? Har du gripe fatt i det berande håpet som kan finnast ved å la ditt «hjerter vanke i Jesu føderom»? Då har livet ditt fått tilført ein dimensjon som har bore mange menneske gjennom vonde dagar og gjeve dei ein indre fred. «Da samles mine tanker som i sin hovedsum», og mange har erfara at fyrst då blir din tanke fri, endå om det kan sjå ut som det motsette frå utsida.

Jol er for meg ein familietradisjon, men det er meir enn det. Dersom «stall og krubbe, kross og grav» med den fantastiske budskapet og songen og musikken som er skapt til Guds ære opp gjennom hundreåra skal gøymast bort, står vi att med eit fattig samfunn der tørre vitenskaplege bevis blir det som tel. Medmenneskeleg varme kan bera oss langt, men er du sikker på at det ikkje finst noko som ber oss lenger? Vitskapen seier-, og vitskapen er nøydd til å seia-, men har ikkje føresetnad til å seia-, at det ikkje kan finnast ein åndeleg dimensjon. Gud har gøymt seg der vitskapen ikkje på nokon måte kan finne han, for at han ikkje skal bli underlagt vitskapen, men kan bli funnen slik han ynskjer å bli funnen av dei som søkjer han, i ein stall, i hjarta vårt, og i logikken då den fyrste eininga i universet blei til.

«Jul, jul, strålende jul...»

Jon Svartdal

## Olav Glosimot - 200 år



*Seljordingen, Olav Glosimot har langt på veg gått i gløymeboka i heimbygda. I år er det 200 år sidan han blei født, og på tampen av året var me glade for at me fekk i stand ei feiring av denne gåverike sambygdingen kårs.*

Olav Glosimot vart født 14. juli 1821 på Lid i Krokan. Faren, Olav Olavsson Lid, kjøpte Glosimot då sonen Olav, var ni år. Her voks han opp med vidt utsyn over Seljordsdalen.

Litt om foreldra: Faren var bonde og lærar. Han var kjent som ein opplyst mann som hadde god greie på folke-dikting. Magnus B. Landstad nemner han ofte som kjelde både for folkeviser og segner. Då Ivar Aasen kom til bygda for å skrive ned dialektprøver til utforminga av det som seinare blei nynorsk, budde

han på Glosimot. Han blei der nesten fire månader, frå januar til noko utpå våren i 1845, og hadde mange interessante samtaler med Olav Olavsson og familien hans.

Mora, Sigrid Kjetilsdotter, var frå Østerdal i Dalangrendi. Ho var syster til den kjente sylvsmeden Jørn Østerdal. Sigrid var dyktig både som skreddar og snikkar, og ho laga også sylvarbeid. Det er truleg at sonen arva mykje av handlaget sitt frå henne.

Olav viste tidleg interesse for å skjera ut. Han skar ut ein del små dyrefigurar i tillegg til både både senger og skåp, medan han budde heime.

Einar Østvedt, som har skrive ein artikkel om Olav Glosimot i Årbok for Telemark

1955, tekkjer fram døypefonten som han skar ut til kyrkja i Seljord som eit framifrå fint arbeid. Han var 23 år då han skar ut denne i 1844. Den er nemnt som det første av dei offisielle arbeida hans. Då kyrkja blei restaurert på 1970-talet, fann dei ein døypefont frå 1600-talet som har vore i bruk sidan. Olav Glosimot sin døypefonten er no henta ned frå loftet på Seljord kyrkje, og stilt ut i våpenhuset. Han kan av og til bli bruka ved dåp i kyrkja.

I 1847 drog Olav Glosimot til Kristiania for å arbeide som møbeltreskjerar. Han kom i kontakt med arkitekten Johan Henrik Nebelong som hadde ansvaret for utsmykkinga av lystslottet Oscarshall. Nebelong såg Olav Glosimot sine evner, og i 1849 fekk han i oppdrag å skjera ut noko av den indre utsmykkinga på Oscarshall.

Her kom han i kontakt med andre kunstnarar som kunstmålarane Tidemand, Gude og Joachim Frich, og bilethoggarane Christopher Borch og Hans Michelsen. Dei var alle engasjerte til å utsmykke Oscarshall.

Gjennom Nebelong blei han tatt opp ved Kunst,- og handtverksskulen, eller Den kongelige Tegneskole i Christiania som han då heitte.

Vegen gjekk vidare til utdanning ved Kunstakademiet i København der han var student i ti år frå 1851. Like etter at han hadde starta på studiet, fekk han arbeid med å hogge i marmor i atelieret til den kjente bilethoggaren Herman Vilhelm Bissen. Han var sterkt inspirert av antikkens statuer og portrett.

Glosimot arbeidde for Bissen til han døydde i 1868. Her lærte han sitt handtverk på ein ypparleg måte. Han skar ut i mange ulike material som buksbom, elfenbein og marmor, og han laga små portrettmedaljongar, byster statuer og statuettar.

Bare eit par år etter at han kom til København, tok Olav Glosimot del på både nordiske og internasjonale utstillingar.

Me kan nemne at han tok del med arbeid på verdensutstillinga i Paris i 1855, 1867 og 1878, verdensutstillinga i London i 1862 og tilsvarande utstilling i Wien i 1873.

Han fekk som oftast medalje, og ein god del av arbeida hans blei kjøpt inn av Christiania Kunstforening. Denne samlinga gjekk over til Nasjonalgalleriet og der finn ein 23 av Olav Glosimot sine arbeid. Der er det mellom anna ei byste i elfenbein av professor Hansteen og ein portrettmedaljong av Henrik Ibsen.

Sjølv om Glosimot særleg arbeidde med seinklassiske motiv, skjedde det også at han arbeidde med bibelske motiv. I 1858 skar han ut to statuer av Peter og Paulus til Trefoldighetskyrkja som nett var bygt. Desse statuene laga han av buksbom.

Ein god del år seinare, i 1874, hogg han ut dei same motiva i marmor. Dei står på altaret i Slottskapellet i Oslo.

Siste gongen han vitja heimbygda hadde han med seg to gipsavstøypingar av desse statuene, som han gav til Seljord kyrkje. Det var i 1896.

Olav Glosimot sin kunst var også prega av nasjonalromantiske innslag. Det var naturleg sidan norske kunstnarar hadde stor interesse for det folkelege og nasjonale på den tida Glosimot arbeidde som kunstnar. Me kan nemne Tidemann sine måleri med motiv frå bondelivet, Lindemans utgjeving av norske «fjellmelodiar» og Asbjørnsen og Moes samling av norske folkeeventyr.

I ei særstilling stod Magnus Brostrup Landstad sitt arbeid med norske segner og folkeviser. Han var jo prest i Seljord då Olav Glosimot voks opp, og var ein flittig samtalepartner av far hans. Saman med Ivar Aasen sitt arbeid med å gjenskape det norske språket gjennom dialektane, var alle desse arbeida med på å bygge den unge, norske nasjonen som vart født ved grunnlova i 1814.

I denne nasjonalromantiske straumen må me sjå «Hjurdjenta» som Glosimot skar ut i buksbom i 1861. Denne skulpturen viser ei ung jente med lur i handa som speidar etter budskapen sin. Tett ved henne står ein kjælen geitekill. Då dette kunstverket blei stilt ut inspirerte det nasjonalromantikkens store poet, Andreas Munch til å skrive diktet Gjæterjenta.

Vår eigen Jørund Telnes skreiv også eit dikt inspirert av dette kunstverket. Han kalla diktet «Hjurdjenta» og det står i diktsamlinga «Netar» frå 1890.

### Me tek med nokre vers av dette diktet her:

*Fyrst Sigrid gjekk burt i skogen gjætte,  
vart lidi ven, som når soli sprette,  
og når ho gjekk inn i lunden kvad,  
då glitra tårer på kvart eit blad*

*Og som ho stod ut på nuten glodde,  
då såg ho Olav på fjorden rodde.  
Ho stirer hit og ho stirer dit,  
men venast er det der Olav sit.*

*Så tek ho luren og bles til guten  
så vene såg han vel aldri nuten.  
Og aldri hørde han slik ein lur,  
så vent det svara i fjell og ur.*

*Og slik forunderleg makt fekk guten,  
han fagna jenta, han fagna nuten.  
Han fagna Blågeit og toneflaum,  
han fagna tjønne og jentedraum.*

*Og denne jenta frå Seljordsdalen  
hev Olav sett inni kongesalen,  
med hand ho skygger for panna si,  
med morgonsoli ho renn i lid.*

I det siste verset heiter det: «Og denne jenta frå Seljordsdalen hev Olav sett inni Kongesalen». Det passar godt med at Olav Glosimot selde denne skulpturen til kong Carl 15.

Olav Glosimot gjorde seg også kjent utanfor Danmark sine grenser. I 1861 fekk han eit statsstipend og drog til Dysseldorf og Roma. Der vart han i ni månader. Han kom i kontakt med den danske naturforskaren og forfattar Jørgen Bergsøe. Han gav ut ei novellesamling, «Fra Piazza del Popolo» i 1866. Her er



Olav Glosimot modell for hovudpersonen Ole Malm, i «Malms historie».

Etter at Glosimot kom tilbake til København i 1862, fekk han mange oppdrag som portrettkunstnar. Han skar ut mange byster i både marmor og elfenbein og kleberstein eller han brukte materialar som bronse og gips.

I tillegg tok han opp att kunsten å skjera ut møblar i tre. Han fekk det ærefulle oppdraget å skjera ut kroningsstolen til Oscar 2. som blei krona til norsk konge i Nidarosdomen i 1872. Denne stolen står utstilt i Erkebispegården i Trondheim.

Olav Glosimot var sterkt knytt til heimbygda si heile livet. I dei første åra han budde i Kristiania og København, var han heime kvart år. Han laga ein skulptur av far sin før han døyddde i 1858, og ei teikning av mora. Ho var visst ikkje nøgd med korleis han framstilte ho. Tov Flatin skriv i Seljordsoga at Sigrid syntes ho blei stygg på teikninga som sonen laga. Etter at mora døyddde, i 1861, laga sonen gravminnet på kyrkjegarden i Seljord som er forma som ei oppslått bok i marmor.

Olav Glosimot hadde fem søsken. Fire av dei vandra ut til Amerika i tida mellom 1853 og 1885. Ein bror, Eirik, drog til Oslo og tok seg arbeid som kontorbetjent. Der gifta han seg med Karoline Nilsen.

Såleis er det ikkje nokon av slekta att i Seljord no.

I ein parantes kan eg nemne at broren Eirik hadde ein son som heitte Erik Waldemar. Han vart ein kjent arkitekt, og

teikna mange av stasjonsbygningane på Dovrebanen. Vidare teikna han haldeplassar og vognhallar på Holmenkollbanen, Tryvannsbanen og Ekebergsbane. Han teikna fleire kioskar for Narvesen. Ein av dei som er bevart kan ein sjå på hjørnet av Karl Johans gate og Rosenkrantz gate i Oslo. Denne nevøen av Olav Glosimot døyddde i ein alder av 40 år i ei tragisk togulykke ved opninga av Dovrebanen i 1921.

Olav Glosimot gifta seg i 1863 med ei norsk enke etter ein skipsførar. Ho heitte Agnete Tandberg og var født på Ringsaker i 1830. Ho døyddde i 1911.

Olav Glosimot budde til saman 50 år i København og gjorde studiereiser til Tyskland, Roma, Paris og Russland. Han døyddde 12. desember 1901.

BLT

#### Kjelder:

**Einar Østvedt:** «Olav Glosimot, en halvglemte telemarkskunstner», artikkel i Årbok for Telemark 1955.

**Tov Flatin:** Seljordsoga bind 1, s. 531-533.

**Norsk kunstnerleksikon,** 1982, s. 756-758

**Norsk biografisk leksikon,** 1999, s. 321-322



Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder. Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, leik, Bibelforteljing og song.

#### VÅREN 2022:

|                    |                  |
|--------------------|------------------|
| Tysdag 18. januar  | Tysdag 19. april |
| Tysdag 15. februar | Tysdag 10. mai   |
| Tysdag 15. mars    |                  |

Kl. 16.30 – 18 på Misjonshuset  
(like ved Ungdomsskolen)

## Trådlaust nett i kyrkjene våre

I løpet av den siste tida har det blitt sett opp trådlaust nett i kyrkjene våre i Seljord og Flatdal – såkalla wifi.

Det trådlause nettet vil gjerne det enklare å nytte vipps mellom anna til offer. Vil du logge deg på, kan du gjere dette ved å aktivere gjestenettet som har den aktuelle kyrkja som etternamn i innstillingane på telefonen din. Gjestenettet krev ikkje passord.

Åmotsdal kyrkje har førebels ikkje slikt utstyr.

## Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43

## Gravsteiner Notodden

Det skal lønne seg å handle lokalt



[www.notoddenbegravelse.no](http://www.notoddenbegravelse.no)

Ingar Faane  
350 12 155

## Vi er her. Alltid. Også nå.

Tjenesten vår er flyttet til kvalitetssikrede hjemmekontor, og er fremdeles åpen - for alle som trenger noen å snakke med.

22 40 00 40  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



## KLÆR T. TVEITAN 1/3 INTERIØR-TEKSTIL

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86

## Flotte gaver til Åmotsdal og Seljord kyrkje



Björg Oseid Kleivi overraska kyrkjelyden i Åmotsdal med ei fin rosemåla offerkorg for nokre månader sidan. Fargane på korga er tilpassa fargane i kyrkja.

Eg takka Björg og nemnte noko om at me skulle hatt noko slikt i Seljord kyrkje og. For nokre vekar sidan kom ho med ei offerkorg til denne kyrkja også.

Ikkje vil ho ha betalt verken for korga eller arbeidet.

Me kan berre seia tusen takk for to slike flotte gaver til kyrkjene våre!

På bileta ser de korgene på alteret i Åmotsdal og Seljord.

BLT



## Nye omnar i Seljord og Åmotsdal



Riksantikvaren gjekk i fjor ut med eit tilbod om tilskot til utskifting av gamle røyromnar i kyrkjene. Dersom ein hadde skrusikringar kunne ein få tilskot til å skifte ut dei også. Dette hadde å gjera med at Riksantikvaren ville redusere risikoen for brann ved å skifte ut gamle elektriske anlegg. Seljord sokn søkte om å få skifte ut røyromnar og skrusikringar i Åmotsdal og Seljord, og fekk innvilga søknadene. Riksantikvaren dekte inntil

60% av kostnadene, resten måtte dekkast av Seljord sokn eller Seljord kommune. Arbeidet blei gjort i vår og i sommar av Dyrud elektro. Dei nye omnane er skrudde fast under benkane, og varmar såleis opp dei som sit i benkane, og ikkje berre lufta. I Flatdal kyrkje har det vore slike omnar i godt over tjue år.

Jon Svartdal





Det møtte opp 22 gullkonfirmanter på gudstenesta og festen 24. november. Her er dei stilt opp i koropningen i Seljord kyrkje.



## Vil du vera med?



Misjonshuset i Seljord blir bruka til mange ulike arrangement i kristen regi og det er mange som set pris på dei fine lokala. Det er gjort mykje for å halde huset i god stand, både utvendig og innvendig. Siste oppgraderinga var å isolere for å hindre unødvendig varmetap gjennom taket, det kom på litt i overkant av kr 70 000. Seljord Normisjon har

blitt spurt om det er mogeleg å gje ei gåve til dette arbeide, det er det!

Dersom det er fleire som vil vera med å gje ei støtte til dette, kan pengane overførast til Seljord Normisjon konto nr. 2711.20.10373 eller på VIPPS 135665

*Mange takk til deg som vil vera med å gje, frå styret i Seljord Normisjon*

## Konfirmasjonar Seljord sokn 2022

Det vert konfirmasjonar i Seljord sokn desse datoane i 2022:

Åmotsdal søndag 14. august

Seljord laurdag 27. august

Seljord søndag 28. august

Flatdal søndag 04. september

Aut. Installatør

# Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80  
www.dyrud.no post@dyrud.no



*Når du trenger elektriker*

**BYGGMESTER**  
**T.A. GUSTAVSEN AS**



**TLF. 975 17 817**  
**byggmester@live.no**



**AASMUNDSEN BAKERI**

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVERER**



## Inntrykk etter bispevisitas



Foto: Tom Rune Olsen

Me har nett lagt bak oss ein bispevisitas. Dette er ikkje noko som skjer kvart år; faktisk var det 11 år sidan Seljord sist hadde besøk av ein biskop.

På grunn av pandemien blei visitasen utsett to gonger, så me var glade for at me endeleg kunne ynskje biskop Stein Reinertsen velkomen i slutten av september. Han hadde med seg kyrkjefagsjef Trine H. Syversen på heile visitasen.

Når biskopen vitjar ein kommune blir det lagt opp til at han skal få treffe flest mogeleg frå ulike aldersgrupper og institusjonar i samfunnet. Bedriftsbesøk høyrer også med, og sjølvsagt ulike kulturelle samkomer.

Biskopen hadde møte med to klasser ved

Flatdal barneskule og heile Seljord ungdomsskule. Begge plassar hadde elevane førebudd spørsmål som biskopen svarte tydeleg og greitt på. Spørsmåla spente vidt i tema; frå kva fotball-lag han heldt med til kva han meinte om vigsel av likekjønna par.

Det blei også tid til eit besøk i Heddali barnehage. Der fekk borna sjå den flotte bispekappa som høyrer til Telemark og Agder bispedømme, og det blei ein samtale om dei ulike liturgiske fargane som høyrer til kyrkjeåret.

Kyrkja i Seljord driv ein barneklubb; Tysdagsklubben, for ungar i førskule- og barnealder. Det var svært moro for både små og store at biskopen ville vera saman med oss både på måltid, bibelforteljing og song. Temaet var Jesus og borna og korleis me konkret kan koma til Jesus i dåpen.

For ungdomane er me så heldige å ha Ønsket og Elsket som er eit arbeid både for konfirmantar og eldre ungdomar. Biskopen stod for den offisielle opninga av Ønsket og Elsket resurs-senter i Øvre Telemark prosti. Dei har innreidd fine lokaler i kjellaren på Skoribygget på Brøløs.

Biskopen fekk eit møte med dei som driv Frivilligsentralen der Anne Marie og Agnes fortalte om det viktige arbeidet dei gjer.

Det vart også arrangert eit føremiddags-treff på Seljordsheia grendehus. Der fekk me høyre om arbeidet grendelaget hadde gjort med å setja det gamle bedehuset i stand. Det blei servert både smørbrød

og kake, og Ragnar Haugstøl fortalte om personar med tilknytning til området. Han song også fleire viser.

Stein Reinertsen blei nok den fyrste bispem som vitja dette gamle pinsevennbedehuset på Seljordsheia.

Både Steinmoen og Nestunet fekk besøk av biskopen og fylgjet hans. Det vart andakt, og hyggeleg prat over ein kaffikopp.

Me har så mange fine og særprega gudshus i Seljord. For å få vist biskop Stein Manndal kapell la me inn ei samling med morgonbøn og frukost der. Me var 12 stykke som fekk møte dagen med bibelord og bøn og god morgonmat der på onsdagen.

I Åmotsdal fekk biskopen omvising både i kyrkja og i kyrkjestoga, og Flatdal kyrkje var arena for konsert med tittelen «Gud er nådig». Det var Ingebjørg Lognvik Reinholdt, Ragnhild Knudsen og Natalia Furmankova som stod for konserten. Konserten kom til å handle mykje om Magnus B. Landstad sitt arbeid både som folkeminnesamlar og salmediktar.

Som avslutning fekk biskopen overrekket bind fem i serien av Landstadskrifter. Dette bindet handlar om Landstad sitt arbeid med salmeboka som vart tatt i bruk over heile landet for 150 år sidan.

Biskopen fekk også eit innblikk i folkekulturen i kommunen vår under kulturkvelden på Granvin kulturhus. Der var det både song, spel og dans i tillegg til opplesing av dikt skrive av Seljordsdikttrarar. Jon Svartdal og Gunn Skogheim stod for å

binde programmet saman på ein humoristisk måte.

Seljord kommune inviterte til lunsj der det blei samtalt om samarbeidet mellom kyrkje og kommune. Diskusjonen rundt ny kyrkjeleg organisering vart tatt opp. Frå kommunen si leining var det skepsis til at eit prostiråd kan ha like nært og godt forhold til både kyrkjer og kyrkjegardar som eit kyrkjeleg fellesråd i kvar kommune.

Vedlikehaldet av Landstadmonumentet av Anne Grimdalen vart også tatt opp. Det var svært positivt at dette monumentet no har fått ei grundig reingjering slik at det yter kunstnaren full rettferd.

Det vart også tid til besøk på to lokale bedrifter; Aasan gardsmeieri på Sundbø og Firingan Kalligrafi. Det er imponerende kva lokale entreprenørar kan få til av både kortreist mat og kunst.

Biskopen hadde samtaler med dei einskilte kyrkjeleg tilsette, leiaren for soknerådet og staben og soknerådet i plenum. Der blei ulike utfordringar ved arbeidet i kyrkja, og korleis ein kan nå ut til større del av innbyggjarane tatt opp.

Visitasen vart avslutta med visitasgudsteneste i Seljord kyrkje. Biskopen preika og heldt visitasforedrag, og til slutt var me samla til kyrkjekaffi på Misjonshuset.

Soknerådet vil rette ein takk til alle som var med på å gjera visitasen til ei fin og viktig hending for kommunen vår.

Bergit Lisleåsheim Ternes

## Hans Nielsen Hauge i dei øvre bygdene

*Dette er ein del av ein artikkel, henta frå «Øvre Annex», årsskrift for Åmotsdal Sogelag 2020, med nokre mindre tillegg og endringar. Del 2, framhald frå førre nummer.*

I år er det 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd, og det vert markera på mange vis rundt om i landet. Han vart fødd 3. april 1771 på Rolfsøy i Østfold og døydd 29. mars 1824 på Bretvedt i Oslo bare 53 år gamal. Hauge er ein av dei største og mest betydningsfulle samfunnsbyggjarane Noreg har fostra, gjennom sitt korte liv, som omfatta 10 år i fengsel, bidrog han til å reformere både kristenliv og næringsliv i store delar av landet. Kva etterlet han seg denne merkelege mannen, hadde hans forkynning og veremåte nokon varig verknad i bygdene her?

Historikaren H. G. Heggveit skriv dette då han omtalar reisene til Hauge frå Seljord, gjennom Flatdal, Svartdal og Åmotsdal: «Deretter fortsatte han sin Vandring opover til Flatdal, hvor ikke så få sluttede sig til ham; det samme gjælder Åmotsdal; i disse Annekser har der siden været Rester af haugiansk Liv lige til vore Dage».


I fylgje eit hefte som Seljord Indremisjon gav ut i høve deira 125-års jubileum, bygde dei vidare på arven frå Hans Nielsen Hauge. Dei skriv bl.a.: «Den haugianske elden kunne ikkje så fort slokne i Seljord, for i 1871 vart «Siljords Missionsforening» skipa, og den skulle m.a. nettopp byggje på både Huges lære og liv.» Kan og taka med endå eit utdrag til frå det nemnte heftet, som sikkert kan seiast om alle bygd-

ene Hauge besøkte: «Alle stader Hauge kom hende det mykje som hadde varig, grunnleggjande verdi for menneskja, og dette var nok også tilfelle i Seljord. Det var ikkje berre at mange fekk eit nytt åndeleg liv, men dette gjekk og vidare til seinare slekter. Dette kan ikkje kartleggjast nærare, mykje av dette er løynt for alle tider.»

Det var frametter på 1800-talet haugianarar både i Svartdal, Manndal, Åmotsdal, Langlim og i Lisleherad. Gunnhild Sollid f. Bakken, etterlet seg eit skriv der ho fortel om Anne Bakken som var født i 1811, og var bestemor til pinse-evangelisten Johannes Bakken. Ho var mor til Torstein Bakken som var bestefar til Gunnhild Sollid. Anne reiste ein dag på besøk til ei Ingebjørg på plassen Tjønnås i Lisleherad, det fortels at dei las og bad saman der, og at dei var haugianarar. I eit opptak fortel Johannes Bakken at bestemor hans, Anne, sikkert saman med fleire, gjekk frå Langlim (Lisleherad?) til Svartdal for å koma på haugianarmøte.

Ut frå dette ser me at evangelisten Johannes Bakken hadde «genar» frå Haugerørsla! Mor fortalde at mi tippoldemor, Ingebjørg Knutsdotter, f. Skuldalan, saman med nokon frå Fundli på Rauland, gjekk like til Kongsberg for å vera til stades på Haugianarmøte.

Hans Nielsen Huges vitjing i desse bygdene sette nok varige spor etter seg, og det ser ut til at det var i Svartdal at denne «rørsla» fekk sterkaste og mest varig fotfeste. Det gav seg uttrykk i skipinga av DELK- menigheten i Svartdal, og bygginga



av Brendehaugkyrkja på andre halvdel av 1800-talet. Her er ein direkte samanheng mellom denne menigheten og Haugerørsla, noko me kan koma attende til i ein seinare artikkel.

I samband med at Hauge vart arrestera og fengsla vart det innhenta rapportar frå embetsmennene i dei distrikta der han hadde virka. Ettersom Hauge hadde ein del vener i Seljord prestegjeld måtte dåverande prest, Nicolai Solner, melde inn til øvrigheta om haugianarane i prestegjeldet, og han skreiv at: «De vyrder ikke alle Love og Øvrighetsforanstaltninger som ikke behage den Guddom hvoraf de besjeles.» Med andre ord, ikkje nokon støtteerklæring til Haugianarane frå embetsverket i Seljord.

Det er vidare sagt at den kjende haugianaren John Haugvoldstad besøkte bygdene her eit par gonger seinare, og- «kveikte Haugianarane og fekk nye med.»

Vil taka med ei hending frå eit møte på Staurheim i Bø mellom Hans Nielsen Hauge og Sterke-Nils. Dette fann stad i 1799, året før Sterke-Nils døydd, eller rettare sagt, vart ihelslegen. Det vert fortalt at desse to møttest på Staurheim (Nokon meiner det var på Skoe) i Bø. Nils var no gamal og skrøpeleg, og Hauge la handa si på hovudet hans med desse orda: «Takker Herren, thi hans Miskund varer evindeligen. Han har ikke lyst i Hestens Styrke eller Mandens kraft.»



Dette greip Sterke-Nils så sterkt at han tok til tårene, og han skal ha uttala seinare at denne opplevinga vart til stor velsigning for han. Jørund Telnes har skrive eit dikt om denne hendinga:

**Sterkenils og Hans Nielsen Hauge raakas.**  
(Mel. Eg gjætte Tulla)

*Paa Staurheim Sterke-Nils stige inn,  
aa sette seg frammed Gruva.  
I kroi steller han Staven sin,  
av skallen stryker han Luva.  
Ein gamal Mann,  
han turve kann å verme seg imot Ellen.  
Her dimms aa kolnar om kvellen.*

*Aa Nils blei stelde, som jamleg vel,  
i honom alle var glæ.  
Om sine Karstak han no fortel,  
aa dæ som hendt honom hae.  
Ein gamal mann--*

*Med Bore sit der ein fremin Mann,  
han hev sin Bibel i Haandi.  
Paa Nils med Hugna saa lyer han,  
hass Anlit skjine av Aandi.  
Ein gamal Mann--*

*Daa ris han upp, aa han gjenge stillt,  
med Tyri lyser i Stogo.  
Paa Nils han Hendane leggje mildt,  
daa Nils hev enda si Sogo.  
Ein gamal Mann --*

*«Gjev Herren æra fe du var Stor!»  
Guss Or dæ fraa honom fløymde.  
Der Ljos av Anlite honoms for,  
og Sæla fraa honom strøymde.  
Ein gamal Mann --*

*Aa Nils dæ tok uti Hjarterot,  
aa Taarin trilla paa Kjinne  
Han lova gjera for Syndi Bot,  
dæ vermdæ ute aa inne!  
Ein gamal Mann, han turve kan,  
aa verme seg imot Ellen.  
Her dimms aa kolnar mot Kvellen.*

No i dette jubileumsåret vert Hans Nielsen Hauge hylla av både verdslege og religiøse leiarar som den person som har betydd mest både for åndeleg oppvakning og samfunnsutvikling sidan reformasjonen. Mange historikarar er veldig tydelege i si omtale av Hauge, t.d. den kjende forfatta-ren Karsten Alnæs: «Hans Nielsen Hauge er en av de mest betydningsfulle personligheter i norsk historie.» Francis Sejersted: «Haugevekkelsen var med på å danne forutsetningen for et fungerende demokrati i Norge.» Og Alexander Kielland: «Større Mand end Hans Nielsen Hauge havde vi aldrig havt. Det burde mer og mer gaa op for os.» Der Hauge for fram etterlet han seg sterke fellesskap av likesinna, dei tok imot bodskapen han forkynte, og innretta sine liv og virke etter den etikk og standard for arbeids- og næringsliv han representera. Av desse sto det fram sterke personlegdomar som markera seg og var høgvyrde i si samtid, og det var nok ikkje tilfeldig at mange av utsendingane til grunnlovforsamlinga på Eidsvoll var haugianarar. Etter at Hauge vart sett fri like før jol i 1814 levde han bare ca. 10 år, helsa var knekt av det langvarige fengselsopphaldet.

Hauge hadde etterkvart blitt ein kjend personlegdom, og etter at han var sett fri vart han oppsøkt av mange både prestar

og andre embetsmenn. Ein dag i 1815 fekk han besøk av biskop Bugge saman med 15 prestar. Då biskopen såg den bøygde, nedbrotne mannen, greip han handa hans og sa, djupt rørt: «Det du har lidd for Kristi skyld, Hans Nielsen Hauge!» «Ja,» svara Hauge,- «med glede-» Hauge vart gift i 1815 og fekk sonen Andreas. Men kona hans, Andrea døydde i barselseng. Han vart gift att andre gong i 1817 med Ingeborg Marie Olsdatter. Dei fekk saman tre born, men ingen av dei voks opp. Men sonen Andreas har stor slekt etter seg, han fekk i alt 10 born, og har mange etterkomarar, også i Telemark. Hans Nielsen Hauge døydde 28.mars 1824.

Ein kan spørja kva var motivasjonen og drivkrafta bak alt det Hauge fekk utrette på desse få åra. Han hadde ingen formell utdanning, ikkje noko støtteapparat, men han seier det slik: «Mit kaldsbrev er at tjene min Gud og min Næste!» Opplevinga på åkeren heime på Hauge som 25 åring fylgde han resten av livet, og han kom stadig attende til den. Det var der det byrja. På bautasten ved Huges fødestad i Tune i Østfold står det som nok var drivkrafta og løynddomen bak hans utrullelege livsgjering: «Jeg har svoret Guds Aand lydighed, og han har hjulpet mig til at blive mit forsæt tro!»

*Karl Valhøvd*



*Karl Valhøvd*

## Kjelder:

**Seljord Indremisjon 125 år.**

**Sigbjørn Ravnåsen:** Hans Nielsen Hauge og Telemark.

**Sigbjørn Ravnåsen:** Ånd og Hånd, Hans Nielsen Huges etikk for ledelse og næringsliv.

**H.G.Heggtveit:** Den norske kirke i det nittende århundre. Bind 1.

**Egil Elseth:** Biografien om Hans Nielsen Hauge.

**Tov Flatin:** Seljordsoga bind 1 og 2.

**Alv Magnus:** Hans Nielsen Hauge. Mannen som forandret Norge.

**Rikard Berge:** Bygdesoga for Vinje og Rauland, bind 3.

**Jacob B. Bull:** Hans Nielsen Hauge.

## Granvin kulturhus

- 6. februar Øystein Sunde og «Meget i sløyd» – Karusellskapsyk**  
Etter 36 forestillinger på Chat Noir høsten 2021, tar Øystein Sunde forestillinga ut på turné. Han har med seg «Meget i sløyd», som er noko av det aller beste av allsidige bluegrass-musikarar på denne sida av Atlanteren.
- 11. mars Tom Jackie Haugen – Samliv og lære**  
Musikalsk humoristisk underholdning av ein pratemakar. Underfundigheter, ettertankar og kvalifisert vasprat – basera på eigne erfaringar og observasjonar over hekken. Lattergaranti!
- 31. mars Riksteatret: Mio min Mio**  
Astrid Lindgrens eventyrlige klassiker
- 7. april Teater Ibsen: «Reven, grisungen og konglesugeren» av Bjørn F. Rørvik**  
Det er bare å glede seg for store og små i Vestfold og Telemark når vi utforskar Bjørn F. Rørviks hysteriske univers! «Reven, grisungen og konglesugeren» er absurd og surrealistisk, ei gåve til alle som likar denne slags humor, både barn frå ca 5 år og oppover, og vaksne.
- 22. april Riksteatret: Hedda Gabler**  
Kva er det i Hedda Gabler, som blir farleg for henne sjølv og alle ho omgjev seg med?



## Møter i Seljord sokneråd, vår 2022

Seljord sokneråd er eit offentleg utval, og møta er såleis opne for alle.

Me har som oftast møta på Seljord kyrkjekontor i Brøløvsvegen 48A, men skulle det bli endringar blir dette kunngjort på Seljord kyrkje sine heimesider.

**Våren 2022 har me sett opp desse møtedatoane:**

**Onsdag 19. januar**  
**Tysdag 1. mars**  
**Onsdag 6. april**  
**Onsdag 11. mai**  
**Onsdag 15. juni**

Møta startar kl 18.00 og varer vanlegvis i to til tre timar.  
*Bergit Lisleåsheim Telnes*

## Føremiddagstreff på Seljord misjonshus, vår 2022

**I vår vil me møtast desse fredagane:**

**Fredag 28. januar**  
**Fredag 25. februar**  
**Fredag 25. mars**  
**Fredag 29. april**

Me møtest kl 11.00 til andakt, mat, song og underholdning, og sjølvstekt utlodning.

Dersom nokon av dykk treng transport, kan de ringe Kjell Johan Nenseter, tlf: 95132489.

Vel møtt!  
BLT

**Seljord Nordmisjon har oppdatert møteprogram på [www.seljordindremisjon.no](http://www.seljordindremisjon.no)**

## Føremiddagstreff på Sion Flatdal

**Onsdag 19. januar kl. 11.00**  
**Onsdag 16. februar kl. 11.00**  
**Onsdag 16. mars kl. 11.00**  
**Onsdag 20. april kl. 11.00**  
**Onsdag 11. mai. kl. 11.00**

Arrangørar er Kyrkja, Misjonslaget og Sion.

## Songkveld på Samfunshuset

1. fredag i månaden. Kl. 19.00  
**4. februar, 4. mars, 1. april og 6. mai.**

Arrangørar er Kyrkja, Misjonslaget og Sion.



[www.flatdalhandlaft.no](http://www.flatdalhandlaft.no)

**3841 Flatdal**  
**Tlf 350 57005 Mob 971 53661**



**granvin kulturhus**  
seljord

*Vi tek gjerne imot minnesamvære, kurs, konferansar og selskap.  
Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smittevernreglar.  
Kjøp billetter på [www.granvinkulturhus.no](http://www.granvinkulturhus.no) på grunn av smittevern.*

**Granvin Kulturhus AS**  
Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80  
Epost: [post@granvinkulturhus.no](mailto:post@granvinkulturhus.no)  
[www.granvinkulturhus.no](http://www.granvinkulturhus.no)



## Gudsteneste med skriftemål og nattverd



Veit du at kyrkja vår har ein eigen liturgi for gudsteneste med skriftemål? Dette er sjølvsagt ikkje ei gudsteneste der kvar einskild kjem med sine private skriftemål medan andre høyrer på. Til skilnad frå det private skriftemålet – det som blir gjennomført under fire auge – gjer ei skriftemålgudsteneste seg bruk av det som gjerne vert kalla eit alminneleg skriftemål.

### Korleis går så dette føre seg ?

Det heile skjer i ei enkel og kort gudsteneste.

### Sjølve skriftemålet går føre seg slik:

Liturgen les ei omfattande syndevedkjenning – deretter er det kort stille for den einskilde si personlege vedkjenning i hjarta – etter dette les alle høgt ei felles syndevedkjenning – formulert på førehand i kyrkja si altarbok.

På bakgrunn av syndevedkjenning kan dei som ønskjer det så kome fram til altaret og knele. Liturgen legg så handa på hovudet til den einskilde, og les syndsforlatinga, også kalt absolusjonen.

Gudstenesta held etter dette fram med nattverd, og avslutta med Herrens bøn, salme og velsigninga.

Mange vert engstelege når dei høyrer ordet skriftemål. Til dette kan seiast at denne forma for skriftemål er i utgangspunktet ufarleg – ingen skal brette ut sitt indre for open scene.

Absolusjonen – den personlege hands-pålegginga og tilsegn om tilgjeving - er ei mykje konkret og god hjelp til å tru syndstilgjevinga.

Martin Luther seier det slik, i si vesle katekisme:

*«Skriftemålet fell i to. Fyrst sannar vi syndene våre, og så tek vi imot syndsforlating. Vi tek imot som frå Gud sjølv, og trur fullt og fast at syndene våre då er tilgjevne hjå Gud i himmelen.»*

**Velkomen til gudsteneste med skriftemål og nattverd i Seljord kyrkje onsdag 02. mars 2022 kl 19.00. Denne dagen er oskeonsdag, og slik kan dette vere med på å gje ei fin og god innleiing til fastetida.**

DHU

## Slekters gang

### Døypete:

#### Flatdal

Eilo Abrahamsen Volhovd  
Jørund Solheim Straand

#### Seljord

Madelén Gundersen Tveit  
André Haugan  
Tom Even Fideles Haugan  
Malin Salomonsen Gjelstad  
Johanna Feshaye Øygarden  
Tage Maximilian Aasan

### Vigde:

#### Seljord

Elisabeth Pedersen og Håkon Skaret  
Teresa Krizova og Tore Bakkedal

#### Flatdal

Marthe Emilie Østberg Martinsen  
og Matthias Mani Sigurdarson

#### Åmotsdal

Eva Kristin Bjørnø og Espen Høydal

### Døde:

#### Seljord

Astrid Golid  
Jenny Karen Smith  
Lars Erling Pedersen  
Signe Nordal  
Kåre Hjalmar Dalen  
Asbjørn Kloster  
Ruth Rukan  
Johanna Feshaye Øygarden  
Ottar Reitan

#### Flatdal:

Guro Aasan  
Luise Irmgard Austenaa  
Odd Harald Haugen

#### Åmotsdal

Olav Skuldalen

## Nå kan du lytte til menighetsbladet



Heidi K. Vestbye er leder for lydbiblioteket og sekretær i KABB.

Det er ikke sikkert at du visste at menighetsbladet deres leses inn? Kristent arbeid blant blinde og svaksynte (KABB) har et rikholdig og gratis lydbibliotek, som flere bør kjenne til, mener Heidi Vestbye, som er leder for biblioteket.

Hos KABB i Askim er det mange hyllemeter med bøker, som i et vanlig bibliotek. Alle som har vansker med å lese en vanlig bok kan registrere seg og låne lydbøker hos KABB, som tilbyr mer enn 2000 titler i de fleste sjangre, og produserer hele tiden nye lydbøker. Her er også egne studioer, der bøkene og bladene leses inn. I tillegg har de to innlesere på hjemmestudio.

- Vi leser inn rundt 100 titler i året, 25 menighetsblader og andre tidsskrift for lag og foreninger, sier Heidi Vestbye.

I Askim jobber Vestbye og hennes kollegaer i KABB hver dag med å tilrette-

legge ulike former for kristen litteratur og tekst, til de som har synsproblemer og leseproblemer, rundt om i hele Norge. KABBs lydbibliotek er for de som har en diagnose som handler om at det er vanskelig å lese eller bruke vanlige bøker.

### Mange trenger tilrettelegging

Målgruppa for lydbiblioteket til KABB er altså ikke bare blinde og svaksynte, men også de som har diagnoser som fører til leseproblem, eller at man ikke klarer å holde ei vanlig bok. Hun nevner dysleksi, cerebral parese, slagpasienter og mennesker som har fått ME eller lammelser, som eksempel. Målgruppa er derfor ganske stor, slår Heidi Vestbye fast.

- Om man ikke er i målgruppa selv, kan det være at man kjenner noen som er det. For eksempel er dysleksi en «ung» diagnose og eldre folk med lesevansker har ikke fått denne diagnosen. De vil også ha

nytte av lydbiblioteket.

*Er tilretteleggingen et forsømt område?*

- Ja, det vil jeg si. Det er et veldig forsømt område. Universell utforming gjelder ikke bare rullestolramper, høye terskler eller teleslynge. Det gjelder så mange flere og blant annet gjelder det synsproblem, som vi er opptatt av, men også andre grupper.

Heidi Vestbye minner om at tilrettelegging også dreier seg om å inkludere i et fellesskap.

-Det handler om å ikke føle at man blir ekskludert når man skal på gudstjeneste, eller et møte på bedehuset. For eksempel at tekster også finnes i storskrift, sier Vestbye. Hun mener at det dreier seg mye om planlegging hos de som er ledere.

Du trenger ikke å bli boklåner i KABB for å lytte til menighetsbladet. Du får tilgang til lydfil via menighetskontoret og/eller på hjemmesiden (fyll ut det som er riktig for den enkelte menighet her. Gjerne med telefonnummer og adresse for nettsted).

For de som ønsker å bli boklåner i KABBs lydbibliotek er det flere måter å komme i gang på. Man finner alt av informasjon på KABBs nettside ([www.kabb.no](http://www.kabb.no)), eller man kan ringe og få veiledning over telefon eller e-post. Lånere kan selv enkelt administrere hvilke bøker de vil låne med app-en Lydhør, og lytte til lydbøkene på telefon eller nettbrett.

*Tekst og foto: Anne Brit Sande*

## Til kirken samle

Det går mot jol. Ute er det mørkt og kaldt – vinteren har teke plass hjå oss.

Adventslysa har kome på plass. Sakte men sikkert vert bygdene våre pynta til jolehøgtid.

Landstad skriv i sin kjente jolesalme Fra fjord og fjære:

*Til kirken samle  
Seg fra hver gård og grend  
De unge, gamle,  
Av kvinner og av menn!*

Her treff salmediktaren verkeleg ei viktig side av jola. For kva handlar jol om? Jo jol handlar også om at menneska samlar seg til kyrkjegang. Dei unge og dei gamle, frå gard og frå grend – dei benker seg saman i kyrkja, for å syngje si takk til han som blei fødd jolenatta:

*Ha takk, som treder  
Til armods hytter ned!  
Ha takk, som gleder  
Oss med din søte fred!*

Så ønskjer vi kvarandre velkomne til denne delen av advents- og jolefeiringa i kyrkjeloknet. Velkommen til gudsteneste og ulike samlingar i både Seljord og Flatdal og Åmotsdal, på Nes så vel som på Nutheim og i Manndal.

Og vi bed med salmistens ord:

*Kom inn, o Kriste,  
tenn lys i hvermanns gård!  
La isen briste,  
Gi varme snart og vår.*

God advents- og joletid!

*Dag Harald Undheim*





# Gudstenester

## 3.s.i adventstida – 12. des

Nes bedehus kl 11.00

Offer: Nes bedehus

## 4.s.i adventstida – 19.des

Nutheim kl 19.00

Offer: Ungdomsarbeidet

## Joleftan – 24. des

Flatdal kyrkje 15.00

Seljord kyrkje 15.00

Seljord kyrkje 16.00

Offer: Kirkens nødhjelp

## Joledag – 25. des

Seljord kyrkje 12.00

Offer: Misjonsprosjekt NMS.

## 4. joledag – 28. des

Åmotsdal kyrkje 17.00

Jolefest på grendehuset etter messa.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet og Betel

## Nyårseftan – 31. desember

Seljord kyrkje 16.00

Offer: Kirkens SOS i Telemark

## 2. s. i openberring – 09. januar

Manndal kapell 11.00

Kyrkjekaffe

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 3. s. i openberring – 16. januar

Seljord kyrkje 11.00

Offer: Misjonsprosjektet NMS.

## 4. s. i openberring – 23. januar

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Ungdomsarbeidet

## 5. s. i openberring – 30. januar

Åmotsdal kyrkje kl 11.00

Offer: Kirkens Nødhjelp

## 6. s. i openberring – 06. febr

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## Taraldsmesse – 12. febr

Seljord kyrkje kl 19.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## Såmannssøndag – 13. febr

Dåpsgudsteneste Seljord kl 11.00

## Kristi forklåringsdag – 20. febr

Dåpsgudsteneste Flatdal kl 11.00

## Fastelavnssøndag – 27. febr

Seljord kyrkje kl 11.00

Offer: Helg og Høgtid

## 1. s. i fastetida – 06. mars

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Kirkens SOS Telemark

## 2. s. i fastetida – 13. mars

Seljord kyrkje kl 11.00

Offer: Kirkens Bymisjon

## 3. s. i fastetida – 20. mars

Kjos i Åmotsdal kl 12.00

Offer: Helg og Høgtid

## Maria bodskapsdag – 27. mars

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Barnearbeidet

## 4. s. i fastetida – 03. april

Seljord kyrkje kl 11.00

Offer: Ungdomsarbeidet

## Palmesøndag – 10. april

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Misjonsprosjektet NMS

## Skjærtorsdag – 14. april

Nutheim kapell kl 19.00

Offer: Ungdomsarbeidet

## Langfredag – 15. april

Manndal kapell kl 11.00

Seljord kyrkje kl 19.00

Offer: Kirkens SOS i Telemark

## Påskedag – 17. april

Seljord kyrkje kl 11.00

Offer: Misjonsprosjekt NMS

Svartdal kapell kl 15.00

## 2.s.i påsketida – 24. april

Åmotsdal kyrkje kl 11.00

Tårnagentgudsteneste

Offer: Barnearbeidet

## 3.s.i påsketida – 01. mai

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Sjømannsmisjonen

## 4.s.i påsketida – 08. mai

Seljord kyrkje kl 11.00

Offer: Kirkens familievern

## 5.s.i påsketida – 15. mai

Inga messe i soknet

## Grunnlovsdag 17. mai

Seljord kl 10.30

Flatdal kl 12.00

Åmotsdal kl 14.30

Offer: barnearbeidet

## 6.s.i påsketida – 22. mai

Seljord kyrkje kl 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## Helgetorsdag – 26. mai

Inga messe i soknet

## 7.s.i påsketida – 29. mai

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Fire diakoniinstitusjonar

## Pinsedag – 05. juni

Seljord kyrkje kl 11.00

Offer: Stefanusalliansen

## Treeiningssundag – 12. juni

Åmotsdal kyrkje kl 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 2.s.i treeiningstida – 19. juni

Garvik kl 17.00

Offer: Helg og Høgtid

## 3.s.i treeiningstida – 26. juni

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Kirkens nødhjelp

## 4.s.i treeiningstida – 03. juli

Seljord kyrkje kl 11.00

Avskjed med kyrkjeverje

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 5.s.i treeiningstida – 10. juli

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Alpha

## 6.s.i treeiningstida 17. juli

Kultan i Åmotsdal

Offer: Helg & Høgtid

## 7.s.i treeiningstida – 24. juli

Flatdal kyrkje kl 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## Olsok – 29. juli

Seljord kyrkje kl 19.00

Offer: Kirkens nødhjelp

## Endringer kan koma

Seljord kyrkje

Flatdal kyrkje

Åmotsdal kyrkje

Manndal kapell

